



**Vestnorsk
fjordlandskap**



Dei sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitenskap og kultur



Vestnorsk
fjordlandskap

Aurland 4. august 2020.

PRESSEMELDING!

Ny leiar og nestleiar i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har som si fremste oppgåve å arbeide for å ivareta og fremja av verdsarvstatusen tildelt Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet i fellesskap.

Ordfører i Aurland kommune, Trygve Skjerdal, vart på rådsmøte den 23. juni 2020 valt til ny leiar av Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap for perioden 2020-2021. Ordfører i Fjord kommune, Eva Hove, vart på same tid valt til nestleiar.

Hovudsekretariatet følgjer leiar og vert fom. dd. lagt til stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark for dei neste to åra.



Leiar Verdsarvrådet: Trygve Skjerdal.

Kontaktinfo: 95 98 46 38/ 576 32 900.

Epost:

trygve.skjerdal@aurland.kommune.no

Kommentar frå Trygve Skjerdal:

«Verdsarvrådet si viktigaste oppgåve er å bidra til å ta vare på vårt verdfulle og vakre fjordlandskap. Både vår generasjon og komande generasjonar skal kunne oppleve desse unike verdiane, og samstundes få ei stadfesting på kor viktig kombinasjonen av busetnad, næring, naturbruk og tradisjonar har vore, og er, for å ta vare på dette landskapet. Som leiar i rådet skal eg arbeide aktivt for å videreføre dette».



Nestleiar: Eva Hove.

Kontaktinfo: 97 01 50 14/ 418 67 800.

Epost: eva.hove@fjord.kommune.no

Kommentar frå Eva Hove:

«Verdsarvrådet har ei svært viktig rolle og eit stort ansvar. Rådet skal bidra slik at det vestnorske fjordlandskapet vert forvalta på ein berekraftig måte. Vi skal ta vare på desse unike kvalitetane til glede for både samtidige og framtidige generasjonar. Å bli valt inn i leiarskapet for Verdsarvrådet er sjølvstøtt både ei stor ære og eit stort ansvar. For meg er dette arbeidet svært viktig, og eg ser fram til det vidare arbeidet i rådet.»

Kontaktinfo Verdsarvsekretariatet:

Sekretariat Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap/

Sekretariat Nærøyfjordområdet: Erling Oppheim

Tlf: 95 17 25 95.

Epost: erling@naroyfjorden.no

Postadresse: Nærøyfjorden Verdsarvpark, Helabrotet 2A, 5745 Aurland.

Sekretariat Geirangerfjordområdet: Katrin Blomvik

Tlf: 70 26 38 10 / 95 42 73 90

Epost: katrin@verdsarvfjord.no

Postadresse: Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, 6216 Geiranger.

Nettside Vestnorsk fjordlandskap:

www.verdensarv.com